

**Sak 28/21 REKRUTTERINGSPROSJEKT FOR YRKESRETTE UTDANNING «LYFT FOR YRKESFAG»****Bakgrunn:**

Regionrådet for Hallingdal har vorte kontakta av rektor ved Ål vgs, med førespurnad om Regionrådet ønskjer å vera ein samarbeidspart i eit prosjekt der målsetjinga er å lyfte yrkesfaga, auke statusen til desse faga, og at aktuell målgruppe, primært elevar i ungdomsskulen og deira føresette får relevant og god informasjon.

Ål vgs ønskjer å lage audiovisuelt materiale som presenterer yrker i Hallingdal, kva yrkesfagleg utdanning ungdommar/unge vaksne kan få lokalt ved Ål vgs og kva fordelar ein kan oppleve ved å ta læretid, og seinare ha fast arbeid, i Hallingdal. Til produksjonen ynskjer dei å nytte ei lokal bedrift, Filmprodusentane AS, og det er meininga at resultatet skal kunne visast på fleire måtar inkludert sosiale medier.

Kostnadsramma på prosjektet er ca. kr 250 000. Ål vgs kan klare å stille med om lag halvparten av dette sjølve, og så jobbar det med andre samarbeidspartnarar, næringsliv og regionråd får å skaffe reisten.

**Vurdering:**

Betre status for yrkesfag og betre informasjon om mogelegheitene ei yrkesretta utdanning kan gje er bra for både dei som skal ta eit val, deira foreldre, næringslivet og regionen. Det er i tråd med våre innspel til partnerskapsavtale med Viken og med dei signala som har kome i prosessen med strategisk plan. Kompetanse, utdanning og jobb er viktig for å oppnå god livskvalitet i heile Hallingdal, så dette prosjektet kan Regionrådet, etter dagleg leiar si vurdering, støtte. Ei styrke med prosjektet er at det skal gjennomførast i samarbeid med næringslivet i dalen.

Det er ikkje søkt om ein eksakt sum frå Regionrådet, då skulen endå ikkje har full oversikt over korleis næringslivet vil bidra.

**Forslag til vedtak:**

1. Regionrådet for Hallingdal ønskjer å bidra til at rekrutteringsprosjekt for yrkesretta utdanning «Lyft for yrkesfag» ved Ål vgs blir realisert, og løyver inntil kr 50 000 til formålet.
2. Pengane vert teke av strategisk plan midlane .

Hallingdal, 6.april 2021

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

Vedlegg: Informasjonsskriv om prosjektet frå rektor ved Ål vgs